

Alver kulturråd – Styremøte referat

17 feb 2022

- **Stad: Meieriet kulturbygg på Frekhaug**
- **Dato og tid: Onsdag 16 feb 2022 kl 18**

		Styrefunksjon	Mobiltlf	E-post
Arild Hagenes	OK	Styreleiar	990 34 535	nordhordland.husflidslag@outlook.com
Johan Myking	OK	Sekretær	950 82 751	jmykin@online.no
Per Ole Ekker	OK	Kassserer	995 54 540	per-ole.ekker@alver.kommune.no
Jegvan Kaarbø	OK	Styremedlem	911 48 103	jegvan.kaarbo@gmail.com
Raymond Solli	TEAMS	Styremedlem	476 12 038	raysolli@online.no
Mette Marei Træland	OK	Styremedlem	971 59 640	zoti@online.no
Ivar Hopland	OK	styremedlem	950 82 867	ivhoplan@online.no
Laura Camilla Størseth	OK	1 varamedlem	948 13 707	c-stoers@online.no
Hilde Hagesæter	Ikkje møtt	2 varamedlem	414 05 376	hilde.alvaer@hotmail.com

Dette styremøtet blei lagt til Meieriet kulturbygg på Frekhaug. Vi fekk ein god informasjon frå kontaktperson for huset, Tor Helge Opdahl frå kulturavdelinga i Alver kommune. Tusen takk til Tor Helge.

Sakliste:

Sak 6-2022 Godkjenning av innkalling, sakliste til dette møtet og referat frå siste møte

Innkalling OK. Referat ligg ute på heimesida. Det har vore litt problem med tilgang på referat via web-sida.

Problemet skal vere løyst men det er framleis ustabil.

<https://knarvik.frivilligsentral.no/dokument?Alverkulturradm%C3%B8ter&Id=79240>

Sak 7-2022 KDP KIF – fellesmøte, arealplan, innspel, viktigheit

Planavdelinga i kommunen har lagt fram forslag til [planprogram for KDP KIF](#). Forslaget er handsama av styret i Alver kulturråd i fleire møte og via epost. Ivar Hopland frå styret hadde innlegg på digitalt informasjonmøte om planprogrammet 31 jan. Frist for tilbakemelding på planprogrammet til planavdelinga er 28 feb og Per Ole og Ivar skriv forslag til innspel.

Sak 8-2022 Årsmøte 2022 – valkomitee er varsla

Det sitjande styret i Alver kulturråd som er på val vil bli kontakta av valnemda. Arild og Per Ole er i kontakt med valnemda og styremedlemmane må gjere seg opp ei meining om vidare engasjement i styret i Alver kulturråd. Når det gjeld årsmøtet generelt så er datoen 20 april kl 19 og forslag er å leggje årsmøtet til Meieriet på Frekhaug. Per Ole sender ut innkalling til årsmøte så snart det er avklart at Meieriet kan brukast.

Sak 9-2022 Fagdag/foredrag før årsmøte? Leige inn ein interessant person?

Det blei drøfta om det skal vere eit faginnlegg i forkant av årsmøtet. Ivar tar kontakt [med leder i Norsk Revy, Dagrunn Gunnarson](#), for å høyre om ho kan stille opp. Styret har forslag på alternativ om denne ikkje kan.

Sak 10-2022 Samlingar og fellesmøte utover våren; fellesmøte med styret i Idrettsrådet?

Invitere utvalseleiarar til styremøte? [Taletid i ungdoms/eldreråd?](#)

- Alver kulturråd er invitert til nettverkssamling for kulturråd på Voss 18-19 mars 2022. Per Ole koordinerer med dei som ønskjer å delta.
- Neste møte i ungdomsrådet i Alver kommune er 21 mars kl 14-16. Per Ole legg inn ønskje om å orientere ungdomsrådet om Alver kulturråd og kjem tilbake til kven som kan gjere dette.
- Neste møte i eldrerådet er også 21 mars, men kl 12-16. Per Ole legg inn ønskje om å orientere eldrerådet om Alver kulturråd og kjem tilbake til kven som kan gjere dette.
- På styremøtet kom det fleire kommentar kring innlegget ang museum på informasjonsmøtet 31 jan. I ly av dette blei det på styremøtet snakka om kulturminne generelt for Alver kommune, både det som er i privat og offentleg eige. Det kom opp forslag om å invitere kulturkonsulent Bente K Hervik frå kulturkontoret i Alver kommune for å orientere om kulturminne, museum m.m. Dette kan kanskje gjerast i form av ein «dialogaften» med styret og medlemslaga. Per Ole arbeider med saken og kjem med tilbakemelding.
- Året 2022 er eit nasjonalt frivilligår. Det vil skje aktivitetar gjennom heile året og Per Ole fortalte kort om nokre av dei sentralt initierte prosjekta.



Vi er godt inn i frivilligheita sitt år 2022: <https://frivillighetensar.no/>

Eit prosjekt i den samanheng er VÅR DAG: <https://frivillighetensar.no/vardag>

Eit anna prosjekt er SYKKELTUREN 022: <https://sykkelturen2022.no/>

Lindåstunets vener er ein organisasjon som ønskjer å kome i møte med kulturrådet for å orientere om bygningane «Lindåstunet». Denne saka må vi ta opp ved eit seinare høve.

Rundedagsmarkeringar for styremedlemar – det kom innspel på heile tiår frå og med 50 år. Per Ole og Arild lager eit styringsdokument som følgjer styrepraksis kring dette.

Møtet ferdig ca kl 21:00

Per Ole Ekker | for Alver kulturråd

E-post: per-ole.ekker@alver.kommune.no | Telefon: +47 56 37 51 54 / 995 54 540